



5 av dei 8 med Bjørn bak og Sindre nede til høgre (Foto: Grenda)

**Bandet Brazzooka er kåra til Årets navn av Grenda sine lesarar og 2 av dei unge musikantane er frå Uskedalen. Det er Sindre Aksnes, som er trommeslagar og 16 år og Bjørn Naterstad som spelar trombone og er 21 år. Sindre går i 1. klasse på KVV og Bjørn er elektrikar og bur no i Bergen.**

Det er no 8 i bandet etterat uskedelingen Vegard Døssland gjekk ut og dei øvrige er Anders Bennæs (14) frå Rosendal, brørne Tobias (14) og Marius (20) Lamberg Torjusen frå Rosendal og Elisabeth (19) og Alf Erik (14) Nonås Fylkesnes frå Stord, dei to siste er også søsken. Vegard vil ikkje bli erstatta.

Brazzooka vart skipa så seint som hausten i 2009 og hadde den første konserten i januar året etter, men kan allereie notere seg for ein stor suksess og har hatt 25 speleoppdrag berre i år. Eit topp-punkt var då dei spela saman med Youngblood Brass Band i Trondheim sist vår. Dei er nærmast gudar for bandet.

Alle spelte opprinneleg i skulekorps, men fekk augo opp for Youngblood som spela funky og rytmisk musikk og som inspirerte ungdommane til å starta Brazzooka. Ikkje minst Sildajazz i Haugesund gav eit løft. Bandet er sterkt inspirert av riot-jazz som er ei blanding av mangt.

Sindre seier at konsertane er høgdepunkta for bandet. Sebastian forklarar den raske suksessen med ei blanding av talent, interesse og vilje saman med ein god gjensidig kjemi. Dei liker å leika og har leika seg fram til eit godt resultat. I det nye året håpar dei å få spela enda meir. Særleg kjekt hadde det vore å koma utanlands.

Av Ola Matti Mathisen